



Norconsult AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2585 - 18/31401

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
25.10.2018

## Utsleppsløyve for pumpestasjon - gbnr 113/7 og 24 Sjerset

Administrativt vedtak: **Saknr: 560/18**

Byggestad: Gbnr: 113/7 og 24  
Tiltakshavar: Lindås kommune  
Ansvarleg søker: Norconsult AS  
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søker om utsleppsløyve til tett tank for ny kommunal pumpestasjon på gbnr 113/7 og 113/24 som er godkjend og under oppføring, jf. arkivsak 17/3780.

Søknaden omfattar utslepp frå dusj, vask og toalett i ny pumpestasjon på det kommunale vassanlegget. Utslepp frå WC i eksisterande pumpestasjon vert også ført inn på tanken som og vil gje ei oppgradering av eksisterande situasjon.

Anlegget vil vera sporadisk i bruk av personell ved utføring av kontroll/avlesing av instrument. Storleiken på sleppet er opplyst til 2 pe. Tanken som skal etablerast har ein storleik på 6 m<sup>3</sup>. Det skal monterast nivåalarm der Equinor vert varsla via kommunen sitt SD-anlegg. Equinor bestiller tömming av tank når alarm slår ut.

Det vert elles vist til søker mottatt 24.08.2018.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er avsett til LNF-føremål.

Omsøkt tiltak er omfatta av dispensasjon som vart gitt ved søker om etablering av ny pumpestasjon gitt i administrativt vedtak datert 25.11.2016 i arkivsak 16/2563.



## **Nabovarsel**

Det vert vurdert at tiltaket er tilstrekkeleg varsla gjennom nabovarslinga som er gjennomført ved søknad om oppføring av pumpestasjon på eigedomen og dei grunneigarerklæringar/avtalar som ligg i byggjesaka, .

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 24.08.2018.

## **VURDERING**

Anlegget ligg innanfor område som i kommunedelplanen er avsett til sikringssone for drikkevasskjelder og industrivassforsyning med tilhøyrande nedslagsfelt. Utsleppskrava vil vera strenge.

Utslepp til tett tank vert vanlegvis ikkje godkjend. I dette tilfelle finn likevel kommunen, etter ei konkret vurdering, at søknaden om utsleppsløyve kan godkjennast slik han ligg føre når det vert sett krav om at tanken skal ha alarm som varslar i god tid før tömming er nødvendig og at alarmen skal vera knytt til kommunen sitt SD-anlegg. Det skal dokumenterast at det ligg føre avtale om tömming av tanken før det vert gjeve ferdigattest for avløpsanlegget.

Kommunen har i vurderinga av søknaden lagt vekt på at søknaden gjeld auke av eksisterande utslepp til tett tank og at utsleppet frå anlegget er lite. Det er ikkje stasjonert personell fast på anlegget, men berre i tilknyting til sporadisk avlesing og kontroll. Det er vidare lagt vekt på at det ikkje er kommunalt avløpsanlegg i området og at tett tank ikkje vil gje avrenning til området.

## **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Tiltaket er knytt til søknad om etablering av ny pumpestasjon på gbnr 113/7. Kommunen vurderer at løyve til å etablere avløpsanlegget kan gjevest ved å søkja om endring av rammeløyvet gitt i vedtak datert 21.03.2018 i arkivsak 17/3780.

## **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for ny pumpestasjon på gbnr 113/7 og eksisterande pumpestasjon på gbnr 113/24 på følgjande vilkår:**

1. Alt utslepp frå dusj, vask og toalett skal førast i tett leidning til tett tank på  $6\text{ m}^3$ .
2. Tanken skal ha alarm som varslar i god tid før tömming er nødvendig.
3. Alarmen skal koplast til kommunen sitt SD-system.
4. Dokumentasjon for gjennomført tömming skal sendast kommunen.
5. Det skal dokumenterast avtale om tömming før ferdigattest for anlegget vert gitt.
6. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
7. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
8. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forurensningsloven § 85 2. ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker fra melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

## **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune

Felles postmottak  
Kvernhusmyrane 20

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Norconsult AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA